

Høyringsinnspel til endring av forskrift om mjølkekvotar

Hardanger Bygdeysteri AS er eit forholdsvis nystarta ysteri med 13 aktive mjølkeprodusentar på eigarsida. Eigarane leverer så godt som all mjølka si til Tine og har starta felles ysteri delvis for å skapa arbeidsplassar og aktivitet i distriktet, delvis for å kunne levere mjølk til ysteriet og slik sikre meir verdiskaping på eigen gard.

Vi meiner at dagens regelverk er unødvendig komplisert for foredlingsbedrifter med fleire leverandørar.

Vi støttar framlegget til endring i §6 og meiner det på ein god måte ivaretek alle foredlingsbedriftene som tek imot mjølk på lokalforedlingskvote.

For styret

Peder Nernæs
Styreleiar